



INTENSJONSAVTALE OM SAMARBEID

- Matgledekorps i Rogaland

mellom

Klepp kommune og Fylkesmannen i Rogaland

1. Bakgrunn og formål med avtala

Nasjonale styresmakter har mål om å gjere Noreg meir aldersvenleg. Stortingsmeldinga Leve hele livet, er ein kvalitetsreform for eldre der mat og måltid er ein av satsingsområda. I tillegg arbeidar regjeringa med å bygge «Matnasjonen Norge» ved å styrke lokal verdiskaping basert på auka bruk av lokale råvarer og bidra til å redusere matsvinn.

Ein del eldre heimebuande får ikkje i seg nok og rett mat. Studiar viser 30 prosent underernæring hos eldre som mottek heimesjukepleie. Nå vil Fylkesmannen sette i gang eit pilotprosjekt der hovudmålet er å styrke kunnskapen om ernæring blant dei eldre heimebuande (85+) slik at fleire eldre oppnår betre ernæringsstatus, helse og velvære. Oppdragsgivar er Fylkesmannen i Rogaland. Premissleverandør er Landbruks- og matdepartementet. Prosjektet vil bli styrt av ei styringsgruppe. Den operative delen av prosjektet er Matgledekorpsset.

2. Avtala gjeld

Intensjonsavtala gjeld eit samarbeid mellom Klepp kommune og Fylkesmannen om å løfte arbeidet med å skape gode måltidsopplevingar og redusere underernæring.

Matgledekorpsset skal:

- Arrangere tre inspirasjonssamlingar i 2021
- Dele informasjon og kunnskap om ernæring, mat og måltid
- Skape engasjement og merksemd i media

Klepp kommune skal:

- Hjelp Matgledekorpsset å formidle informasjon om ernæring og arrangement til eldre, pårørende, frivillige organisasjonar og tilsette i omsorgssektoren.
- Gratis leige av lokale til tre inspirasjonssamlingar i 2021
- Bidra med erfaring og dele av kunnskap om dei eldre i kommunen
- Bidra i evalueringsprosessen
- Skaffe ein kontaktperson

Tidsperioden er 1. september 2020 til 31. desember 2021.

Stad og dato


Janne Dahle-Melhus

Fylkeslege, Fylkesmannen i Rogaland


Wendy Finnerud

Kommunalsjef, Klepp kommune